



Her reiser 3 hus seg på rekkjer og rad dei komande vekene.

**I seinare tid har det vore stor aktivitet med grunnarbeid og oppsetjing av grunnmurar i byggjefeltet i Øvre Halsane. No er grunnmurane på plass, og sjølv byggjearbeidet kan starta på 3 einebustader. Dessutan er det grave ut for ein tomanns-bustad der den eine leilegheten alt er seld.**

Erlend Bjørnebøle er svært fornøgd med aktiviteten for tida. På einebustaden som Inger Elise Helgeland skal ha, er snikkararbeidet alt i gang, medan alt er klargjort for reising av dei dei 2 andre einebustadene. Den eine av desse vert bygd på tradisjonelt vis på staden, medan den andre vert bygd i seksjonar og transportert til Halsane med store trailerar. Ei spennande form for husbygging.

Erlend fortel at gravearbeidet til tomannsbustaden no er ferdig, og det vidare grunnarbeidet startar straks over 17.mai. Denne vil liggja til venstre (sett ovanfrå) for det huset Inger Elise Helgeland bur i no. Den eine leiligheten er alt seld, medan den i den søre enden er ledig. Huset som Inger Elise bur i no, er også seld, og der flyttar nye eigarar inn når det nye huset hennar er klart.

Den næraste tida framover vil vi sjå store endringar i Øvre Halsane etter kvart som nye hus reiser seg. Med dei 3 einebustadene og tomannsbustaden som no vert bygt, er denne delen av feltet med 6 bueiningar fullt. Men det stoppar ikkje der! Erlend Bjørnebøle fortel at dei no vurderer vidare utbygging inn gjennom skogen. Der kan det koma mange hus. Det er nemleg planlagt 13 einebustader og 9 tomannsbustader i denne delen av feltet. I heile feltet vert det ein formidabel utsikt!

Det kjekt å registrera den gode aktiviteten som er på byggjefronten i Uskedalen.



Byggjearbeid i gang og takstolar på plass. Utsikten vert nydeleg!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.